

Munnleg historie for alle

Kurs og praktisk hjelp til intervju, lagring og formidling



Bjørn, ICe, Barbro og Line

reiser til musé, historielag og andre som samarbeider om munnleg historie (oral history). Takka vere prosjektmidler frå Sparebankstiftelsen DNB kan vi hjelpe dei fyrste som melder seg kostnadsfritt.

Ein dag kurs - to dagar praktisk intervjuarbeid

Etter tre dagar på kvar plass, fylgjer vi opp med inntil 20 timar rådgjeving på telefon og epost.

Målet er at kvart lokale delprosjekt skal føra fram til minst ei avlevering til Norsk Folkeminnesamling gjennom Minner.no

1

INNSAMLING

Intervju: Magien i den gode samtalen.
Etikk og teknikk.

2

BEVARING

Infrastruktur.
Dokumentasjon.
Emneordlister.

3

FORMIDLING

Minner.no, nettsider,
mobil-applikasjonar,
arrangement.

Tre partnerar samarbeider om MHA:



Memoar, organisasjon for munnleg historie, oppretta i 2015



Norsk Folkeminnesamling

er ein del av UiO, oppretta i 1914



Norsk etnologisk gransking

er ein del av Norsk Folkemuseum, oppretta i 1946

Alle har ei forteljing å dele!

Tidlegare var det så dyrt å ta vare på lyd- eller videoopptak, at det berre finst munnleg kjelemateriale frå eit fåtall kjente personar.

I dag er utfordringa å innarbeida nye vanar slik at frivillige og profesjonelle kulturarbeidarar tar i bruk det billege utstyret me har i dag, til å samla inn munnleg kulturarv frå alle slags folk.

Prosjekt "Munnleg historie for alle" handlar om slikt samarbeid og kunnskapsdeling.

Fagleg forankringspunkt er Norsk Folkeminnesamling, (NFS) som har samla minneforteljingar heilt sidan Asbjørnsen og Moe sine dagar. Hovudretteleiar er Line Esborg, fagansvarleg for NFS.

Avleveringsmetoden til NFS er innsamlingsverktøyet www.minner.no, som er utvikla av Norsk etnologisk gransking. Leiar der - Audun Kjus - er også rettleiar.

Sjå nettsida www.munnleghistorie.no



Memoar skal utføra sjølve prosjektarbeidet frå ein base i Bergen. Teammedlemmene er:

Line Førre Grønstad, kulturvitar og prosjektleiar, i permisjon frå Norsk etnologisk gransking - line@memoar.no

Barbro Matre, intervjuar/ dokumentasjonsarbeidar, tilsett i Memoar - barbro@memoar.no

Inger Christine Årstad, kulturvitar, journalist og filmskapar, i delvis permisjon frå Mjøsmuseet - ice@memoar.no

Bjørn Enes, frilansjournalist med bakgrunn frå avis og fjernsyn. Tidlegare industriarbeidar - leiar av Memoar - bjorn@memoar.no

BORN OG UNGE:

- * Få får forteljingar til å fløyma så fritt som eit par nyssgjerrige born på besøk hos ein bestefar.
- * Vi har svært gode erfaringar med born som intervjuarar - gjerne saman med vaksne som tar seg av teknikk og utdjupane spørsmål.
- * Vi tar gjerne imot invitasjonar frå grunn-, ungdoms- eller vidaregåande skular om kurs og samarbeid om intervjueriar.

Sjå meir på www.munnleghistorie.no

